Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 28 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Mo

Emne: Drikk til maten — Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland — Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk — G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter det eg har höyrt heime av mor f. 1845.

SVAR

## Mjölk.

1. Bruken av mjölk har nok skift mykje serleg etter seperatorane kom i bruk. För hadde dei berre söt og sur mjölk d. v. s. nymjölka og sett. Den sette eller sure mjölki var det fleire grader av. Med det fyrste ho vart tjukk, heitte det: skyr; vart ho mykje gjarakeitte ho: sur. Bruken på gardane har auka mykje. För brukte dei vatn til graut og kakor; no brukar dei helst skumna mjölk til grautevatn og kakevatn.

2. Dei drakk nok mjölk utan om måltidi og, helst sur, men noko mykje vart det no ikkje.

3. Mykje sur mjölk blanda dei med vatn og drakk, serleg når det var varmt. Dette kalla dei: mjåkk-

6741

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
6741

blånde" her. Primblande vart ogso brukt. Var mjölki og primet mykje surt, var det ein god laskedrykk. No vert dei lite brukt.

Øl.

4. Øl vart bryggja til högtidene. Før var det maltöl, no er det sukker- eller sirupsöl. Maltölet var to slag. Det fyrste var best og vart kalla tykt öl; det siste var tunnare og heitte: „tonnöl". Ølet vart bytt i to slag kvar gong dei bryggja. Det var nok få som bryggja til onnetidene. Det kunde vera til slåtten; den var varmast og tyngst.

Kaffi.

5. Kaffi har vel kanskje vore brukt i 100 år. Frå det fyrste svart lite. Det var når det kom framande. Då far voks opp – han var f. 1833 – vart det aldri brukt kaffi til kvar dag.

6. Kva tid kaffien vart kvardagsdrykk er ikkje godt å seia. Det var vel so ymse; men i noko ålment bruk kom han snautt før etter 1875.

7. No drikk dei kaffi som regel 3 gonger om dagen: morgon, middag og öykt (non). Some brukar lite, og

some mykje; og det sleng dei som ikkje brukar kaffi og; men det er fåe.

8. Kaffien bli helst havt på kjelen når vatnet kokar. Den skal vera noko growmalen. Some trekker nok kaffien, men ikkje jamt. Salt bli snautt brukt, i so fall er det ytterst lite. Klåreskinn bli ogso lite brukt. Dei let helst kjelen stå og „klårne". I kaffigrut bli no spådd berre for moro etter eigen fantasi. × Sjå naste side.

9. För brukte dei kandis til kaffien. So lenge raffinaden var i topapar blei den mindre brukt. No er det klypt raffinade eller farin som bli brukt. Kandis er ikkje å få.

10. Some vil ha fløyte i kaffien, andre ikkje. Ost og egg har eg aldri höyrt brukt i kaffi; men some brukar litt smör.

Te.

11. Te bli lite brukt her. Det er berre ender og då, helst til kvelds. Dei har laga te av tytebærlyng og bringebær-blad. Den siste er god.

Brennevin.

12. Brennevin til kvardags har snautt vore brukt her. Det vart för brukt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til högtidene, men sjeldan utanom. Det var berre drikkarane som brûka det til kvar dag. No har det gått heilt av brûk hjå dei fleste.

Nyare drykk.

13. Vörteröl, exportöl, brûs og selters med fleire slag bli omlag ikkje brûkt av böndene; men arbeidarane brûkar det mykje, serleg landsöl, pilsöl o. fl.

NB.

I gamle dagar brûkte dei helst mjölk og poteter til kvelds. Truleg har poteten kome i staden for grauten etter den vart kjend her omlag 1775. För den tidi var nok grauten kveldsmat.

x Etter eg hadde skrive, hugsa eg på at når dei gamle spådde, snudde dei koppen opp ned og sette han ned på skåli. Koppen skulde soleis snuast rundt med soli – andre sa mot soli – og når det var gjort, såg dei på grauten i koppen og tydde det ût eller spådde.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
6741